



Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
29.09.2015	
Ark. saknr.	Løpenr.
14/1892	
Saksnr.	Tilgangskode

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/511 - 15/4345

Sakshandsamar:
Roald Kvingedal
roald.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:
28.09.2015

Merknader til høyring av søknad om utviding av akvakulturanlegg etter akvakulturlova, lokalitet Ospeneset - Lindås kommune

Masfjorden kommune viser til mottatt brev av 27.08.2015, høyring av søknad om utviding av akvakulturanlegg etter akvakulturlova, lokalitet Ospeneset.

Eide Fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk AS søker om å få etablere eit nytt akvakulturanlegg beståande av plastringar på lokaliteten Ospeneset i Lindås kommune. Det vert søkt om å få etablere eit anlegg beståande av 6 plastringar med tilhøyrande rammeverk og førflåte på lokaliteten. Det er gitt dispensasjon frå Lindås kommune for etablering av 3 ringar, medan dispensasjonssøknad for etablering av 6 ringar ligg inne til handsaming hjå kommunen.

Ved å utvida lokaliteten Ospeneset, vil ein då få eit større område godkjend for oppdrett. Det kan i neste omgang føre til at området ved Ospeneset vil få ein langt større biomasse, utan at dei som benytter sjøområdet, strandsona og elles vil verta råka, har fått uttale seg til omsøkte utviding. Masfjorden kommune er av den meining at ei utviding av slik storleik som ein ser her, ikkje bør handsamast ved dispensasjon, men bør vurderast i samband med revidering av kommuneplanen.

Masfjorden kommune rår i frå at det vert gjeve dispensasjon til utviding av oppdrettsanlegg på lokaliteten Ospeneset, og det er viktig at det vert utført ei grundig konsekvensutgreiing før det kan vurderast om det er aktuelt å utvide området for akvakulturanlegg.

Masfjorden kommune har fått tilbakemeldinger fra grunneigar i strandsona i Elvik, der dei bekrefta at det er foretatt innfesting av fjellbolter på ca 12 meters djup heilt i strandsona i forbindelse med utviding av lokalitet Ospeneset.

Vedlegg:
Kart, oppankring godkjent av Kystverket
13.08.15

Med helsing

Roald Kvingedal
fungerende teknisk sjef
Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland Hordaland Fylkeskommune	Postboks 7310 Postboks 7900	5020 5020	BERGEN BERGEN
---	--------------------------------	--------------	------------------

Mottakarar:

Lindås kommune	Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
----------------	----------------------	------	----------

